



Fire uskedelingar var å finna i panelet under valmøtet på Helgheim. Dei var Elin Legland (nummer fire frå venstre), Bjarne Lilleås (nummer sju frå venstre), Gunn Mari Moberg (nummer to frå høggre) og Tove Lill Lakselv (nummer ein frå høggre). (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalen utvikling og Bygdeutviklingsprosjektet har stilt seg bak den aksjon som vart annonsert under valmøtet på Helgheim tysdag og som skal gje eit godt val sett gjennom "Uskedalen-brillar".

Utgangspunktet er at bygda vår vart jumbo med omsyn til valdeltaking i siste val og enda på 52 prosent.
- Dette må vi gjera noko med, heiter det i eit opprop som no er sendt ut og som er å finna på sentrale stader i bygda.

I tilknytning til oppropet er det trykt ei liste med namna til dei 39 uskedelingar som står på 10 av listene med oppmoding om å gje dei ekstrarøyster.

Tre uskedelingar er allereie kumulert på sine lister og må betraktast som sikre. Det store spørsmålet blir derfor: Kor mange fleire uskedelingar vil dei få selskap av i kommunestyret i det næraste fire åra?

Dette er ordlyden til oppropet som no er distribuert:

Uskedelingar til val 2007

Det står 39 uskedalsnamn på dei 11 kommunevallistene i år.

Tre av dei er kumulerte og har i utgangspunktet gode sjansar til å koma inn i det nye kommunestyret.

Alle vil gjera ein god jobb for Kvinnherad og for Uskedalen.

Vi bør likevel satsa ekstra på dei vi har mest tru på.

Snakk med familien, vener og naboar om dette.

Du må bruka den lista du ønskjer.

Du kan setja kryss på dei personane du vil gje ei ekstra røyst.

Ellers kan du føra over inntil ni personnamn frå andre lister.

Uskedalen er til vanleg mellom dei bygdene i kommunen med dårleg valprosent – 52 prosent ved siste val. Dette må vi gjera noko med.

Gå og røyst! Og bruk røysta di godt og fornuftig.

Eit ønskje om eit godt val for Kvinnherad og for Uskedalen.

Med helsing

Uskedalen utvikling

Bygdeutviklingsprosjektet.

Dette er dei 39 uskedelingane på listene:

Arbeidarpartiet:

Knut Sjøwall

Framstegspartiet:
Tove Lill Lakselv (kumulert)
Alf Kristiansen
Jan Morten Snilstveit

Høgre:
Gunn Mari Moberg (kumulert)
Jeanette G. Guddal
Tor Vidar Sæle
Steinar Kroka
Bente Nilsen
Knut A.S. Eidsvik

Innbyggjarpartiet:
Torfinn Myklebust
Mette Bendiksen
Kurt M. Haugland

Kristeleg Folkeparti:
Leonard Eik
Selma Eik
Hilmar Haugland

Senterpartiet:
Elin Legland
Tor Jarle Kjærland
Harald Snilstveit

Venstre:
Bjarne Lilleås
Kjell Yri
Reidar Myklebust
Brit Hjetland
Brit Halleråker
Bård H. Grov
Kristian O. Bringedal
Ole Kristoffer Vågen
Einar Gjertsen
Bjørgulv Eik
Sigvald Eik

Tverrpolitisk Samlingsliste:
Olav H. Bringedal
Gunnar Leite
Kåre Kristoffersen

Uavhengig Sentrum:
Eva R. Ljosnes
Annlaug Rød

Sosialistisk Venstreparti:
Jostein Grov (kumulert)
Heidi Pile
Øyvind Sture
Magni Traavik

Av Ola Matti Mathisen